



Reidun Horvei vil la si vakre røyst høyra i Helgheim

Folkemusikkveka utfaldar seg rundt i kommunen og det er mange høgdepunkter. Eitt av dei er i Helgheim på fredagskvelden då ein timelang konsert med start klokka 19 vert etterfylgd av matøkt og dans. Det er aktørar frå konserten som tek seg av dansemusikken og det kan bli ei oppleving i seg sjølv! Kulturkontoret og ungdomslaget er saman om kvelden og Kristian Olav Bringedal leiar det heile.

Kvinnherad Trekkspelklubb er naturleg nok sentral i programmet. No har dei 7 medlemmer og uskedelingen Nils Naasen er framleis musikalsk leiar. Denne kvelden har dei kvedaren Kari Malmanger med som solist og ho vil ikkje minst by på morosame bygdeviser frå Rosendal.

Eit søskenpar frå Granvin, Haldis og Halvor Folkedal, vil visa kva dei kan av folkedans og fylkesmusikar Frank Henrik Rolland stillar opp. Fylkesmusikar Reidun Horvei kjem sjølvsgagt også. Reidun har stått sentralt i arbeidet med Jentelokken som starta sist vår og ho har gjort ein stor jobb saman med Kari for å læra bort kvedarkunsten.

Kvinnherad Folkemusikklag har noko å by på for alle danseglade. Laget har no vore i gang frå nystart i 1992 men vart stifta allereie i 1975.

Mange flinke musikarar og songarar har stått på scena i Helgheim nedgjennom åra, men dei som stillar opp denne fredagen hevdar seg godt i ein samanlikning! Dei fortener fullt hus. 'Song og spel ein juvel' er den treffsikre overskrifta over kvelden.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



[Kristian Olav Bringedal skal leia Helgheim-kvelden. Her lyttar han til fylkesmusikarane](#)